

Fra: Siri Wølneberg Bøthun [post@sbnatur.no]
Sendt: 3. oktober 2013 12:55
Til: Kjelsberg Birgitte Marie Wilvang
Kopi: martinlindal@hotmail.com; randi@sivlegard.com; peraksel@sbnatur.no;
Hermund Mjelstad
Emne: Ang. høyring Jordalen kraftverk ref. 201204964-10 ksk/biwi

Eg takkar for motteken førespurnad om høyringsuttale ang. konsesjonssøknad for Jordalen kraftverk i Voss kommune.

Kraftverket vil få inntak på kote 508 og stasjon på kote 422. Den berørte elvestrekninga ligg i sin heilskap nede i dalen, i område der det vert drive aktivt jordbruk. Tiltaket vil ikkje få nokon påverknad av villreinens leveområde, som i dette området har ei formell grense på 700 moh. (omtrentleg skoggrense). Stundom kan villrein trekke nedom skoggrensa, typisk på vårbeite i fjellbjørkeskogen. Det omsøkte tiltaket ligg ikkje innanfor eit område som er kjend for slik bruk, då snøen ligg lenge i Jordalen. Menneskeleg aktivitet i nærleiken er truleg også for høg til at rein ville finne ro til å beite her.

Villreinnemnda vil difor ikkje kome med merknadar til søknaden. Meld gjerne i frå om det er trong for ein vedteken uttale frå nemnda i din vidare sakshandsaming, for å ha avklara tema. Dersom det ikkje er det, kjem eg ikkje til å legge saka fram for nemnda.

Beste helsing

Siri Wølneberg Bøthun
Sekretariatet for
Nordfjella og Fjellheimen villreinnemnd

Postadresse:
Siri Bøthun Naturforvaltning
6896 Fresvik
post@sbnatur.no
Mob. 97514784